



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato  
13.07.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/9292 731.2  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland  
Helse Bergen HF  
Helse Fonna HF  
Haraldsplass Diakonale Sykehus

### Ber om tilbakemelding - turnusplassar for fysioterapeutar 15. august 2016-15. august 2017

Fylkesmannen i Hordaland ber om å få melding om kor mange turnusfysioterapeutar de kan ta imot turnusåret 15. august 2016-15. august 2017. Vi ber og om at de opplyser om det ligg fagleg til rette for å kan ta imot fleire turnusfysioterapeutar.

Svarfristen er 1. november 2015.

Opplysningar frå Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Bergen tilseier at det i turnusåret 15. august 2016-15. august 2017 trengst om lag 155 turnusplassar for dei som avsluttar utdanninga si ved desse høgskulane. Det er i tillegg behov for nokre halvårsplassar i spesialisthelsetenesta. Turnusplassar til fysioterapeutar med utdanning frå utlandet som melder seg opp til turnusteneste 2016-2017, kjem i tillegg.

#### Tilbakemelding om turnusplassar

Vi ber om å få opplyst

- kor mange turnuskandidatar kvar kommune og sjukehus/helseinstitusjon kan ta imot kvart halvår
- telefonnummer og adresse til dei enkelte turnusstadene
- kontaktperson/rettleiar for turnuskandidatane på dei enkelte turnusstadene.

Ver venleg å informere rette vedkomande om denne førespurnaden. Vi ber helseføretaka koordinere innsamling av opplysningane frå sjukehusa.

Ver venleg å bruke vedlagte skjema ved tilbakemelding og send opplysningane til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

Med helsing

Anne Grete Robøle  
seksjonsleiar

Mona Fauskanger  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

Kopi til:  
Helse Vest RHF